

## KVA SKJER?

### MAI

**5. mai**  
Songkveld  
på Håland

**6. mai,**  
Internasjonal  
Bakedag  
Sand Skule

**16. mai**  
Internasjonal  
museumsdag

**17. mai**  
17. mai fest  
for alle  
Nesasjøhuset

## Stopp i stønad til Internasjonal kafé

Ryfylkemuseet har i mange år fått midlar frå Integrerings- og mangfoldsdirektoratet til å driva Internasjonal kafé. I år blei denne tilskotsordninga endra til å berre gjelde for dei 20 kommunane som har flest innvandrarak i Noreg. Dette betyr at det berre er integreringstiltak i Stavanger eller Sandnes kommune som kan få støtte i Rogaland. I tillegg er støtteordninga blitt redusert frå 15 til 10 millionar på landsbasis. Internasjonal kafé har over ein tiårsperiode utvikla seg til å bli eit viktig integreringstiltak i Suldal. Tilskotet har vore viktig for at Ryfylkemuseet har kunna utvikle tiltaket, som også har hausta både lokal og nasjonal merksemd. Museet må nå jobba med å finna alternative støtteordningar, for å kunne halde fram med dette arbeidet. Ryfylkemuseet tykkjer det er beklageleg at ein i statsbudsjettet for 2015, vel å svekkja integreringa i distrikta og i mindre kommunar i Noreg.


## «Sprossa» på turné



"Sprossa" utanføre Nesasjøhuset

Else Rønnevig la turen innom Ryfylkemuseet på sin store noregsturné. I samarbeid med Ryfylke lokallag av Fortidsminneforeningen, vart det baka brød i bakaromnen på Stråpa i Suldal. Om kvelden fekk me eit inspirerande og jordnært foredrag om bygningsvern. Else baud på seg sjølv med si smittande entusiasme for sakene ho brenn for.

## Alfred Hauge 100 år



I år er det 100 år sidan forfattaren og journalisten Alfred Hauge vart fødd på Sjernarøy. Dette vil markerast i heile Rogaland i år.

Ryfylkemuseet vil delta aktivt i markeringa av ryfylkediktaren, særleg ved å fokusere på barnelitteraturen hans. Det vert arbeidd med eit eige undervisningsopplegg til Den Kulturelle Skulesekken (DKS), med start hausten 2015. Me arbeider òg med eit eige familieopplegg, som skal ha «premiere» under Tomatfestivalen på Finnøy i august. I tillegg vert det arrangert føredrag med meir i jubileumshausten.

## Ny mast til Brødrene



På tur med ny mast på slep

I nydeleg vår la jekta vår «Brødrene av Sand» ut frå kaien på Eide, Sand. Turen gjekk til sluppen på Avaldsnes, der ho vart gjort klar til sesongen. Den nye masta vart tatt på slep bak båten, og skal gjerast ferdig hos Ryfylke trebåtbyggjeri på Finnøy.